

## 4.5 SKRIVEOPPGÅVER

### Sansedikt

Skriv eit dikt der du vel eit tema og skriv om alle sansane. Elevane kan starte med orda.

Ser ut som...

Høyrest ut som ...

Luktar som ...

Smakar som ...

Kjennest som ...

### Snøballkrig

Alle elevane skriv det dei tenker når dei til dømes høyrer ordet *sansar* på ein kvit lapp. Elevane tenkeskriv i eitt minutt, før dei knørvar lappen og stiller seg opp i to lag og kastar «snøball» på det andre laget. Dei kan kaste «snøballane» i ca 1 minutt. Læraren stoppar «snøballkastinga» og elevane tek opp ein lapp som ligg på golvet.

Elevane les opp det som står på den lappen dei plukka opp frå golvet. Slik deler dei ein tanke som nokon andre har tenkt.

Denne metoden kan brukast i mange ulike samanhengar der ein vil aktivere elevane. I enkelte samanhengar kan det kjennast tryggare å ikkje seie fram sine eigne meiningar, men å seie fram noko andre har tenkt.

### Tekst i bobler

Dette er eit undervisningsopplegg i nynorsk sidemål der tekstsaking vert kombinert med samansette tekstar. Elevane får ulike teikneseriar der teksten i originalboblene er retusjert bort. Oppgåva til elevane er å lage ei meningsfull forteljing ved å skrive inn ny tekst på nynorsk.



1. Gå inn på [http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/tekst i bobler.html](http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/tekst_i_bobler.html)
2. Sjå på filmen frå 7. trinn ved Aremark skole for å sjå korleis dei jobba med teksten i boblene. Noter gjerne viktige stikkord undervegs som Kristin Paulsen fortel om prosessen deira.
3. Last ned og skriv ut teikneseriesidene med tomme snakkebobler. <http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/Bobler.pdf>

## **Eit absurd eventyr**

Denne oppgåva gir elevane høve til å prøve ut skrivning på nynorsk gjennom avskrift, ved hjelp av skriverammer. Elevane sit saman med ein læringspartner, og dei treng skrivesaker og ein terning.

Dei triller terningen og skriv setninga i skjemaet under. Etterpå fullfører dei historia i skriveboka eller på baksida av arket.

Denne oppgåva er inspirert av Ytre-Arna skule i Bergen.

## Kast terningen og finn ut kva du skal skrive om

	1	2	3	4	5	6
<b>A</b>	Ein hund	Ein oppfinnar	Ein president	Ein astronaut	Ein fotballspelar	Ei popstjerne
<b>B</b>	med brun pels,	med eit velutstyrt laboratorium,	med fjorten ministrar,	med ei sølvfarga og turkis romdrakt,	med gullfarga fotballsko,	med ei mørk songstemme,
<b>C</b>	som budde i eit hundehus.	som budde i ein låve.	som budde i eit palass ved innsjøen.	som budde i romferja si.	som budde heime hos bestefaren sin.	som budde i ein grøn turnébuss.
<b>D</b>	Ein dag skulle han/ho erte opp ein katt i nabolaget.	Ein dag skulle han/ho finne opp ei maskin som gjorde han usynleg.	Ein dag skulle han/ho besøkje den norske tanta si.	Ein dag skulle han/ho koke tomatsuppe til middag.	Ein dag skulle han/ho trene på scoringar.	Ein gong skulle han/ho synge på ein konsert med tusen tilskodarar.
<b>E</b>	Han/ho hadde med seg Fido.	Han/ho hadde med seg fetteren Frans	Han/ho hadde med seg sonen sin, Bo.	Han/ho hadde med seg kosmonauten Klaus.	Han/ho hadde med seg trenaren sin.	Han/ho hadde med seg ein trommeslagar og ein gitarist.
<b>F</b>	Utstyret deira var to plastrotter og ein pinne	Utstyret deira var ein hammar og ein ostehøvel	Utstyret deira var kart og kompass.	Utstyret deira var ei gryte og ein visp.	Utstyret deira var ein fotball, ei stoppeklokk e og ei drikkeflaske	Utstyret deira var ein mikrofon, eit plekter og eit trommesett.
<b>G</b>	På vegen møtte dei bulldogen Bixie som sa at dei skulle slutte med slikt tull.	På vegen møtte dei pappa som sa at dei skulle kome heim og gjere lekser med ein gong.	På vegen møtte dei finansministeren som sa at det var heilt tomt for pengar.	På vegen møtte dei astronauten Anette som fortalde at ein ufo stal makaronien.	På vegen møtte dei brannvesenet som trong nokre ekstra hjelparar til å sløkkje ein brann.	På vegen møtte dei ein tjuv som stal alt dei hadde.

**Det var ein gong... (Skriv inn det du fekk etter kvart kast.)**

<b>A</b>	
<b>B</b>	
<b>C</b>	
<b>D</b>	
<b>E</b>	
<b>F</b>	
<b>G</b>	

**Kva skjer vidare? Skriv resten av historia. Lag ei overskrift som passar.**